

ROMARHEIM ENTREPRENØR AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Dato	26.10.2023
Vår referanse	2022/95751-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrense - parkeringsplass - gnr. 202 bnr. 178 - Hjelmås - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 29.08.23 og revidert situasjonskart mottatt 16.10.23.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense for å etablere parkeringsplassar for Hjelmås kapell. Kapellet har ein liten parkeringsplass i dag og ny parkeringsplass vil sikre at det ikkje vert parkering langs fylkesvegen når det er mange besøkande.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5452 Leknesvegen for å etablere parkeringsplass på gnr. 202 bnr. 178 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 23.08.2023.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5452 Leknesvegen skal vera minst 12 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5452 Leknesvegen.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «viktig lokalveg» jf. Rammepplan 2021-2024. Den opnar for at der det er 70km/t eller lågare og ÅDT er lågare enn 800 kan dispensasjon frå byggegrensa vurderast.

Eigedomen og tiltaket er delvis regulert i og i tråd med Helleåsen med planID 4631_1263-19032007. Medan resterande av tiltaket krev dispensasjon frå byggegrensa etter veglova.

Etter ei samla vurdering av forhold på staden gjev vi dispensasjon frå byggegrensa for å etablere parkeringsplass.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 D4 - Situasjonsplan (2).pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG